

# LIKNINGA OM SENNEPSFRØET

## TIL LEKSJONEN

**Fokus:** Sennepsfrøet og treet

**Tekster:** Matt 13, 31-32; Markus 4,30-32, Luk 13,18-19

- Likning
- Kjernepresentasjon

## Materialet:

- Plassering: Hylle for likningar
- Deler: Gull-eske med gult merke på, grønt filt-tre eller busk, liten( gull-)boks (påske-egg?) med fuglar og reir oppi, personfigur
- Stort rundt, gult filt-underlag

## BAKGRUNN

Likninga finn vi i alle dei tre synoptiske evangelia og i Thomasevangeliet (kap 20). Sennepen i likninga er ikkje den same som vi kjenner og bruker som smakstilsetting. Sennepen i Østen vokser og spreidde seg raskt. Bøndene lika han därleg, for han kunne ta heilt overhand og øydeleggja kornet og nyttevokstrane. Sennepsplanten er meir ein busk enn eit tre. Desse historiske opplysningane er utan interesse for barna, men dei vert nemnde her, slik at leseren kan få lyst til å finne ut meir om likninga som vaksen.


## MERKNADAR TIL MAERIELLET

Du finn materiellet i ei gyllen eske som det er eit gult merke på. Han står øvst på hylla for likningar. Underlaget er gult og har fasong til liks med eit frø, men det kan også likne andre ting. Eit grønt tre eller busk av filt er rulla saman og ligg i eska. I ein liten gulleske er det fuglar og reir. Til slutt er det også ein figur av personen som plantar det bittelille frøet.

## MERK SPESIELT


Kvifor fortelje likningar? Likningane set spørsmål ved vårt kvardagslege syn på livet. Dei vekkjer oss opp til å sjå ting i livet som vi ikkje har sett før. Dei set spørjeteikn ved status quo, systema som er forma av tradisjon, makt og rang. Av den grunn kom Jesus ofte opp i trøbbel på grunn av likningane han fortalte. I motsetnad til dette har dei kristne ofte forenkla likningane til berre å gje trøyst, i staden for å la dei utfordre oss ved å forstyrre vår tilvande og komfortable måte å sjå verda på.

	DETTE GJER DU	DETTE SEIER DU
1	Gå til hylla for likningar og hent gull-eska med gult merke på. Peik på merket, utan å kommentere det. Ta med eska med likningen i til sirkelen der barna sit. Set han midt i ringen.	Sjå kor eg går for å finne tinga til forteljinga.
2	Når du snakker løfter du eska, og ser på henne.	Denne eska ser <b>gamal</b> ut. Likningar er gamle. Kanskje er det ei likning inni?




3	<i>Stryk varsamt på eska, for å vise verdien.</i>	Eska er <b>gullfarga</b> . Gull er verdifullt. Likningar er verdifulle...ja kanskje meir verdifulle enn gull!
4	<i>Bank på eska</i>	Sjå – eit <b>lok</b> på eska. Esker har lok, det har likningar og. Nokre gonger er det vanskeleg å komma inn i likninga. Loket er som ei dør. Nokre gonger er ho stengt. Hvis det skjer, så ikkje miss motet. Kom tilbake til likninga seinare. Ein dag vil ho åpne seg for deg.
5	<i>Hold eska opp</i>	Eska ser ut som ein <b>presang</b> . Likningar er presangar. De vart gitt til deg før du blei født. Sjølv om du ikkje vet kva ei likning er, så blei ho likevel gitt til deg.
6	<i>Du kan bruke nokre eller alle desse momenta ovanfor som ein introduksjon. Sit litt stille. Lat barna merke di eiga interesse og kjærleik til likninga.</i>	La oss sjå inni for å sjå om det verkeleg er ei likning der... lat oss vere forsiktige...
7	<i>Flytt eska frå midten og til sida di. Ta av loket, og la det stå stødig mot eska, slik at barna ikkje kan sjå oppi og bli distrahert. Dette hjelper dei og til å ta vare på mysteriet med likninga.</i>	
8	<i>Ta fram underlaget og legg det litt tilfeldig på golvet midt i sirkelen.</i>	Eg lurer på kva dette er? Kanskje det er ei likning. Det er i alle fall ganske gult!
9	<i>Legg filtlen ut, og stryk over han. Barna kan komme med forslag.</i>	Alt er gult her. Eg lurer på kva dette eigentleg er. Det liknar litt på ein sitron. Lurer på kva det er?
10	<i>Ta filtreet og gjøym det i handa di- sjå på barna då, slik at dei fokuserer på deg og ikkje på materialet.</i>	
11	<i>Sjå nøye inn i eska. Det er ikkje noko meir der som kan hjelpe oss til å bli klar. Resten av tinga trengs til å fortelje sjølve likninga.</i>	Er det noko meir her som kan hjelpe oss å bli klar? Nei nå er det ikkje meir. Då kan vi begynne: Ein gong var det ein en som sa så mange vidunderlege ting, og som gjorde så mykje forunderleg at folk følgde etter han. Då dei følgde etter han, høyrdie dei han snakka om eit rike - Ikkje eit vanleg rike eller land slik dei sjølve budde i, nei det likna ikkje på noko anna rike dei hadde hørt om. Dei kunne ikkje hjelpa for det, men dei måtte berre spørja. Korleis er dette Guds rike? Ein gong dei spurte han, sa han: Guds rike er som når ein mann....
12	<i>Ta mannsfiguren ut av eska, plasser han i hjørnet av filt-underlaget lengst frå deg. Treet vil bli "planta" der og "vekse opp" (frå barna sitt perspektiv) mot deg.</i>	

13	<i>Hold opp den lukka handa di med treet/busken i, og skjul henne med den andre handa. (strekk fram fingeren din for å vise at du ikkje kan sjå frøet, for det er faktisk som støv)</i>	....tok det minste av alle frø, eit sennepsfrø....
14	<i>Sett fingeren ned på underlaget, slik at du "plantar" frøet på filtstykket.</i>	...og la det i jorda, og det tok til å..
15	<i>Inni handa di er filt-treet, så når du sier "vekse" begynner du å rulle filt treet sakte oppover og ut. Fald det heilt opp, og brei så greinene ut (desse blei rulla saman først når du sist la likninga bort)</i>	...vekse.
16	<i>Hent den vesle boksen/egget ifrå gull-eska og set han forsiktig ned. Ta av loket. Ta ut nokre av fuglane, ein for ein. Plasser dei slik at dei flyg mot treet.</i>	Busken voks og blei til eit lite tre, og fuglane under himmelen kom...
17	<i>Ta fleire fuglar ut, ta og nokre reir og plasser dei i treet.</i>	...og bygde reir i greinene



THE PARABLE OF THE MUSTARD SEED (STORYTELLER'S PERSPECTIVE)

18	<i>Set deg tilbake og betrakt treet og fuglane. Hvis barna er vant til å vere saman i gruppa, vil du kanskjekan duog reir rundt, og invitere barna til å setje eit reir eller en fugl akkurat på den plassen som er rett for dei.</i>	
----	---	--



19	<p><i>Når fuglane og reira er på plass, er det tid for å begynne undringa.</i></p>	<p>Lurer på om mannen som planta frøet har eit namn?      Lurer på om han likte at fuglane kom- kva han tenkte...      Lurer på kva han gjorde på mens treet voks.      Lurer på om han kunne ta treet tilbake inn i frøet?      Lurer på om frøet var lukkeleg då det voks.      Lurer på kor frøet var då det slutta å vekse      Lurer på om fuglane har namn?      Lurer på om dei var glade då dei fann treet. Lurer på korleis fuglane har det i treet ...      Lurer på kva treet eigentleg er...</p>
20	<p><i>Etter undringa legg du alle fuglane og reira attende i eska. Legg så resten av materiellet i den store gull-eska.</i>  <i>Namngje gjerne dei ulike tinga idet du legg dei på plass. Det er og tid for å spørje barna kva slags aktivitet dei vil gjere etterpå.</i>  <i>Underlaget legg du i til slutt.</i>  <i>Set gull-eska på plass på hylla for likningar, gå tilbake til barna, og hjelp dei å bestemme seg for aktivitet.</i></p>	<p>Lurer på; Har du vore nær eit slikt tre nokon gong      Lurer på kva reira eigentleg er?      Lurer på kor heile dette eigentleg er?      Lurer på kvifor mannen fortalte denne likninga når han skulle seie noko om Guds rike?</p>